



# Tanum menighetsråd

## REFERAT

<b>Møtestad:</b>	<b>Heime hjå sokneprest Asle Zimmermann, Ådalen 8, 3090 Hof</b>
<b>Møtedato:</b>	<b>19.06.2019</b>
<b>Tid:</b>	<b>18-21</b>
<b>Deltakarar:</b>	<b>Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Arne H Hansen</b> <b>Forfall: Dag Johnsen</b>
<b>SAKLISTE NR:</b>	<b>6/2019</b>

Innkallinga godkjent og møtet sett med ny sak 48/2019: Møtestedet – nytt konsept, samt saker under 50/2019: Eventuelt

**SAK 42/2019**            **SAMTALE MED KYRKJETENAR UNNI KARIN LINDHJEM**  
**Vedtak: Saka utsett til hausten**

**SAK 43/2019**            **GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 15.05.2019, saksliste**  
**6/2019**  
**Vedtak: Referatet einstemmig godkjent**  
Underskrifter protokollen: Ragni Haga og Arne H. Hansen

**SAK 44/2019**            **NYTT ORGEL TIL TANUM KYRKJE**  
Orientering ved leiar i orgelkomiteen Elisabet Romøren: Orgelkomiteen hadde 28.mai møte i kyrkja med orgelbyggjar Reil og gjorde dei siste avtalene om utforminga. Planen er at orgelet skal stå ferdig innan årsskiftet 2020/21.

**SAK 45/19**            **PLAN FOR MR-MØTE HAUSTEN 2019**  
Det sitjande menighetsrådet fungerer til 01.11.2019. MR-møtet 23.10. blir difor eit fellesmøte med det nyvalde MR der ein gjennomfører konstituering og overleverar aktuell saksinformasjon.

**Vedtak:**

<b>AU-møte</b>	<b>MR-møte</b>
<i>14. august</i>	<i>21. august</i>
11. september	18. september
16. oktober	23. oktober
13. november	20. november
04. desember	11. desember

**SAK 46/2019**            **KYRKJEVALET 08. OG 09. SEPTEMBER 2019**  
Tanum menighets vallokale er på Sky skule, men sannsynlegvis kan medlemene også stemme i Stavern og på Langestrand. Foreløpig har vi fått lite informasjon om dei konkrete praktiske tinga og rutine som mr

har ansvar for. Alle mr-medlemer sjekka imidlertid at dei kunne stille opp som vakter ein eller begge dagar, så vi har folk nok.

**Vedtak: Leiar kontaktar kyrkjekontoret og etterlyser opplæring/kurs for alle menighetsråda før valet 8.og 9. september.**

**SAK 47/2019**

**VALLISTE TIL TANUM MENIGHETSRÅD MED SUPPLERANDE NOMINASJON**

**Vedtak:**

<b>1. Erling Sølvik</b>	<b>1947</b>
<b>2. Elisabet Engelstad Romøren</b>	<b>1949</b>
<b>3. Odd Bjørneby</b>	<b>1954</b>
<b>4. Kari Espelid</b>	<b>1952</b>
<b>5. Sven Marius Utklev</b>	
<b>    Gjeruldsen-Halle</b>	<b>1982</b>
<b>6. Marit Elisabet Kobro</b>	<b>1961</b>
<b>7. Jan Hansen</b>	<b>1963</b>
<b>8. Berit Mo</b>	<b>1957</b>
<b>9. Ragni Haga</b>	<b>1963</b>
<b>10. Sissel Tindeland</b>	<b>1953</b>

**SAK 48/2019**

**MØTESTEDET – NYTT KONSEPT**

E-post frå den nye komiteen for Møtestedet ved leiar Lars Ueland Kobro med forslag til program.

**Vedtak: Tanum menighetsråd gjev si frimodige tilslutning til det framlagte forslaget frå komiteen for Møtestedet.**

**SAK 49/2019**

**MELDINGAR/ORIENTERINGSSAKER**

- Avskjed for Åsmund Brøvig. Leiar har overrekket blommar og takk.
- Takkekort frå Elisabet Romøren for blomlehelsing i høve 70-årsdagen.

**SAK 50/2019**

**EVENTUELT**

- Kasserar orienterte om at utgiftene knytt til årets konfirmantar er høgare enn budsjettert. Hekta-leiren er relativt dyr, og eigenbetalinga har ikkje auka tilsvarande.
- Ved gudstenesta sist sundag, 16. juni vart det alt for varmt i ei fullsett kyrkje pga feil i det nye datastyrt oppvarmings-systemet.
- Vi kjenner også behov for å bli oppdaterte på ansvar og rutiner ved andre uplanlagte hendingar som eventuell akutt sjukdom eller brann under gudstenester.